

Til deg mellom boka og barnet

– Alle born har eit potensial for å kunne like å bli lesne høgt for

Slik svarer Maria Parr på spørsmålet om det er mogleg å få alle born til å bli glade i bøker. Dette svaret kan bidra til å justere krava vi legg på oss sjølve som vaksne formidlarar mellom boka og barnet. Det kan hjelpe oss til å legge lista passeleg høgt, og til å sette oss eit mål det er mogleg å nå. Det dreier seg om å realisere dette potensialet for leseglede. Ved å lese høgt. Sjølv har Maria Parr skrive to bøker der målet hennar nettopp var gode lesestunder. Ho har kort sagt lukkast!

– Høgtlesing vil eg setje to strekar under, seier forfattaren. Men kva skal vi lese? Og korleis?

Barneboka i kulturpolitikken

Dei siste tiåra har ein offensiv kulturpolitikk anført av innkjøpsordninga for ny, norsk skjønnlitteratur gjort det både kunstnarleg og økonomisk attraktivt å skrive godt, også for born. Forfattarane som fornyar den norske barneboktradisjonen, skriv seg opp mot litterære kvalitetskrav og tek mindre omsyn til pedagogiske siktemål. Kritiske røyster hevdar at mange av bøkene dermed heller ikkje tek omsyn til barnelesaren og barneperspektivet. Vurderinga vari-

erer, men det gjer også litteraturen; Den store oppbløminga av ny, norsk barnelitteratur inneber eit breitt spekter av tekstar av alle slag. Det gjeld å nå alle med ei bok, og no finst det ei bok for alle!

Når opplæringsmålet er eit mindre brukt språk

Mange av dei fremste barnebokforfattarane våre skriv på nynorsk, slik som Maria Parr gjer. Men for den nynorske barnelesaren er den språklege kvardagen prega av at nynorsk er eit mindre brukt språk i den norske offentlegheita. Born som skal ha nynorsk som opplæringspråk i skulen, møter oftast bokmålet når dei er små, både gjennom tv og data. Og i bøker. Dermed er dei lite eksponerte for skriftspråket sitt før dei byrjar på skulen. Dette kan barnehagen vege opp for. Ikkje minst gjennom å bruke dei nye nynorske barnebøkene.

Gode bøker har eit rikare og meir variert ordforråd enn den munnlege samtalen. Skriftspråket har vanlegvis ein meir avansert grammatikk, fleire nyansar og klarare struktur



JANNE KARIN STØYLEN,
NYNORSKSENTERET

enn talespråket. Ungane tileignar seg dette gradvis når vi les mykje for dei. Dei får eit rikare språk. Eit rikare mål. Ungane lærer det skriftspråket dei ser og høyrer. Les difor høgt på nynorsk, syn ungene skriftbileta, la bøkene ligge framme!

Leseglede framom boka – og bak

Kva kjenneteiknar bøker som gjev gode leseopplevingar, anna enn eit godt språk? Dei beste forteljingane vender seg til det fellesmenneskelege i oss på ein slik måte at dei kan lesast på nytt og på nytt. Det er slik dei etter kvart kan bli klassikarar. Historia vil bli levande på nye måtar for den lesaren det gjeld, same kvar og kven han er. Den gode boka er god på tvers av tid og stad. Eller kanskje trass i tid og stad. Det einaste den gode barneboka treng, er ein som les og ein som lyttar. Eitt krav må likevel gjelde om du skal få realisert potensialet barnet har for å like å bli lese for: Du må like boka sjølv. Om målet er leseglede, må du lese ei bok som gleder deg!



Viktig ansvar for nynorsken

Ei bok skal brukast like godt ute som inne. Ei bok er laga for å bli brukt, ikkje for å stå i hylla og samle støv. Her er det Andrea Berget som les ute for ungar i Jostedal Barnehage – på nynorsk.

www.pirion.no

for deg som jobbar med barn

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter:

BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion

PiRion

Tips oss på pirion@pirion.no Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og www.pirion.no



FAKTA: Kva er dialogisk lesing?

Dialogisk lesing dreier om å lesa ei bok med ei mindre gruppe born og føre ein dialog med borna om leseopplevinga.

Ved første lesing sit borna og lyttar. Kanskje avbrote av eit enkelt spørsmål til handlinga.

Ved andre lesing grip pedagogen fast i enkelte ord og bilde som borna skal samtala om og forhalda seg til.

Ved tredje lesing blir dialogen intensivert. Handlinga i boka blir brukt som inspirasjon til leik og aktivitetar, til dømes rolleleik, ein liten quiz eller liknande. På denne måten blir effekten av den dialogiske lesinga auka.



Bente Lothe Orheim er forlagsredaktør i Samlaget for barne- og ungdomslitteratur. Foto: Samlaget

Samlaget med atten nye Leseland-titlar

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

Leseland tel no totalt trettifire titlar med tilhøyrande appar. Det er meir enn ei dubling sidan 2014. Det kjem nye titlar kvart år framover.

Før Samlaget etablerte lettlesuniverset Leseland i 2014, hadde ein berre tjuetjue lettlesbøker på nynorsk å velje mellom. Og det var ein urovekkande situasjon: den nynorske hovudmåls-eleven fekk ikkje høve til å bli stø i sitt eige mål med så få lettlesbøker på nynorsk, og brukte i stor grad bokmålsbøker. Som Bente Lothe Orheim, redaktør for Leseland, seier det:

– For å bli ein god hovudmålsbrukar må du

ha tilgang til lettlesbøker på hovudmålet ditt. Med Leseland vil den unge nynorskbrukaren vere mykje betre rusta. Og tenk berre på kva det gjer med den språklege sjølvkjensla til den nynorske hovudmålsbrukaren når han eller ho ikkje finn lettlesbøker på nynorsk?



Vi er svært glade for å kunne bøte på denne situasjonen.

Mange av bøkene er omsett frå andre språk, men dei norske forfatarane Anna R. Folkestad, Bente Bratlund og Linn T. Sunne er alle aktuelle med nye bøker i serien. Lettlesbøkene er delt inn i fem nivå etter leseferdigheiter, og handlar om alt frå kjærleik, og venskap til eventyr og humor.

Nytt av året er også fire faktabøker om merkelege dyr, forsvunne skattar, utrulege rekordar og mystiske stader.

– Me har eit valdsamt stort ansvar for nynorsk i barnehagane

Jostedal oppvekstsenter får merksemd for måten dei jobbar med nynorsk språkutvikling i barnehagen.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER

– Innlæringa av språk fører ungane med seg vidare, seier pedagogisk leiar Anne Kristin Haugen Halveg i Jostedal barnehage.

I barnehagen hennar er dei medvitne på å lesa nynorske bøker på nynorsk og bokmålsbøker på dialekt eller nynorsk.

– Det er viktig at heile personalet er medvitne på kor stort ansvar me har for nynorsken, understrekar Haugen Halveg.

I barnehagen bruker dei fokusord og dialogisk lesing for å få ungane til å reflektera over meininga i orda.

– Ei bok er ikkje berre ei bok. Ho har mykje kunnskap og omgrep som det går an å snakka om, påpeikar Anne Kristin Haugen Halveg.

I fjor jobba dei med *Snøhumla Mille*. No i år jobbar dei med *Den lille larven Aldrimett*. Sjølv om den siste boka er på bokmål, så les dei ho på nynorsk.

I boka går dei gjennom vekedagane, fargane og fasane i livet til larva.

– Me lagar dokketeater og sansebilde, fortel Anne Kristin. Dei jobbar kring to månader med bøkene, men det hender dei les spontant også.

Involverer foreldra

Anne Kristin Haugen Halveg understrekar kor viktig det er å involvera foreldra.

Ein dag i veka har ein av ungane med seg ei bok som dei kjenner godt.

– Då fortel dei om boka til dei andre ungane. Då er det dei som er eksperten.

Barnehagen har fått seg eit minibibliotek der barn og foreldre kan låna med seg bøker heim. Bøkene skal bli oppdaterte. Dei byrjar å bli godt brukte, seier Anne Kristin Haugen Halveg.

Dei er òg så heldige at dei får besøk av 5. og 6.klasse ein gong i månaden for å lesa for ungane i små grupper.

Gode spørsmål

Arbeidet med lesinga har gjort at ungane oftare kjem til dei vaksne og spør om dei kan lesa for dei.

Lesinga har òg ført til at borna blir betre kjent med bokstavane, innhaldet og anna læring.

Når dei les *Lille larven aldri mett*, så snakkar dei til dømes om kva ein sommarfugl er.

– Me har jobba ein del med korleis me kan stilla gode spørsmål til ungane for å dei med i ein samtale om bøkene. Me stiller utforskande spørsmål som «kva tenkjer de om dette?».

Barnehagen knyter bøkene til rammeplanen. Til og med fysisk aktivitet blir knytt til bøkene. I vinter laga dei til dømes *Den lille larven Aldrimett* i snøballar ute.